

NotatDato: 15.12.2014
Arkivsak: 2014/862-20
Saksbehandlar: tormje

Til:	Kontrollutvalet
Frå	Fylkesrådmann

Forvaltningsrevisjon fagopplæring- løypemelding

Fylkestinget gjorde i møte 10.-11.12.2013, sak 87/13, slikt vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapporten "Fagopplæring i Hordaland fylkeskommune", ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

- *Vurdere 9 konkrete tilrådingar i høve til kva forbetrande tiltak som kan settast inn.*
- *Lage ein handlingsplan innan 01.03.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.*

Det følgjande notatet er ei oppsummering av arbeidet så langt. Oppsummeringa tar utgangspunkt i dei ni konkrete tilrådingane og den utarbeidde handlingsplanen som vart laga. Når det gjeld dei enkelte punkt i handlingsplanen, blir det vist til vedlagte dokument.

Handlingsplanen vart laga utifrå konkrete tilrådingar frå Fylkestinget. Punkt nummer to i handlingsplanen «*Vurdere å leggje fram lister for Yrkesopplæringsnemnda over bedrifter som søker godkjenning*» har fylkesrådmannen vurdert som ikkje aktuell. Fylkeskommunen har utarbeidd gode rutinar kring godkjenning av lærebedrifter. Desse ligg i dag i det fylkeskommunale kvalitetssystemet Qm+. Fylkeskommunen har også utarbeidd rutinar knytt til det å miste godkjenning som lærebedrift. Begge desse rutinane er utarbeidd i samarbeid med Yrkesopplæringsnemnda. Fagopplæringskontoret har hatt som rutine å leggje fram for Yrkesopplæringsnemnda lister over bedrifter som er blitt godkjent i perioden. Dette har vore gjort fire gongar i året. Eit normalt år gjev oss om lag 250 nye lærebedrifter. Dette talet ser vi er stigande. Dersom ein skal vente på Yrkesopplæringsnemnda sitt møte for kvar godkjenning vil dette av bedriftene kunne opplevast som unødvendig byråkratisering.

Dei aller fleste godkjenningane er enkle godkjenningar der fagpapir er på plass og der bedrifta er av ein slik art at den kan gje opplæring i måla i læreplanen slik som lova føreset. I dei vanskelege sakene og der fagopplæringsseksjonen er i tvil, vert yrkesutvalet sendt på synfaring. Når det gjeld tilfelle der bedrifta mister godkjenning, så skjer dette veldig sjeldan. Yrkesutvalet er oppnemnt av Yrkesopplæringsnemnda.

Fylkesrådmannen vil kvar månad leggje fram liste over nye godkjente lærebedrifter for yrkesopplæringsnemnda, og vil i løpet av 2015 leggje fram ein ny sak for Yrkesopplæringsnemnda om retningslinjer for

godkjenning av lærebedrifter. I tillegg skal også alle nye sjølvstendige bedrifter inn på kurs hjå fylkeskommunen.

Når det gjeld punkt åtte i tilrådinga om dimensjonering, må dette sjåast i samanheng med oppfølging av opplæringskontor. I 2015 har fylkeskommunen planlagt fem såkalla arbeidsutvalsmøte med opplæringskontor. Denne gruppa består av seks opplæringskontor og dekkjer ikkje alle. I tillegg har ein den årlege opplæringskontorkonferansen som føregår i februar. Opplæringskontora står for om lag 70 % av produksjonen i fagopplæringa, og eit tett samarbeid med desse kring dimensjonering og gjennomføring er viktig. Det er god kontakt i dag, men Fylkesrådmannen vil at dette skal bli enda tettare og meir formalisert. Ei arbeidsgruppe har sett på dette og konkludert med at mellom anna såkalla dialogmøte etter modell frå Rogaland er å tilrå. Notatet frå arbeidsgruppa ligg vedlagt. Det er 42 opplæringskontor i Hordaland.

Det er også peika på dimensjonering i behandlinga av fylkesbudsjettet for 2015, der det heiter at:

«Der er behov for en nærmere sammenheng mellom arbeidslivets behov for kompetanse og undervisningstilbudet på yrkesfag. Det gjennomføres en kartlegging av kompetansebehov og fremtidig tilbud av lære plasser i samarbeid med arbeidslivets parter, med sikte på en tydeligere sammenheng mellom skoletilbud og behov. Arbeidet skal munne ut i et tillegg til skolebruksplanen for yrkesfagtilbud, og evt. justeringer i klassedimensjonering.»

Det vart bevilga 0,5 mill til dette arbeidet i 2015, og arbeidet må sjåast i klår samanheng med ein tett dialog med opplæringskontora. Samstundes grip dette også inn i arbeidet med skoletilbudet i Hordaland fylkeskommune. Det å kartleggje lære plassbehovet vil også ha innverknad på kva for opplæringstilbud skulane skal ha.

Dei andre punkta i tilrådinga vert kommentert med aktuell status direkte i handlingsplanen.